

Møtereferat

Til: Regionalt brukarutval (RBU) i Helse Vest

Mottakarar: Jan Oddvar Gjerde, Magnus Heggø (vara), Elisabet B. Salte, Joe R. Aseerwatham, Astrid Gytri, Anne Marie Auestad, Oddrun Strand Rangnes, Vidar Myren (vara), Henrik Aasved (nestleiar), Karl Olaf Sundfør.

Møteleiar: Jan Oddvar Gjerde

Sekretær: Charlotta Schaefer

Fråvær: Merete Hauge, Jostein Bildøy

Møtedato: 20.02.2019

Klokkeslett: 09.45 -14.45

Møtenr: 2/19

Møtestad: Helse Vest RHF, Nådlandskroken 11, Forus, Stavanger. Møterom Kjerag

Saksnr	Emne	Ansvarleg
9/19	<p>Innkalling blei godkjent. Melding av eventuelt-saker. Saker til RBU skal meldast til arbeidsutvalet som er leiar, nestleiar og sekretær.</p> <p>Magnus Heggø er vara for Merete Hauge og Vidar Myren er vara for Jostein Bildøy.</p>	Leiar Jan Oddvar Gjerde
10/19	<p>Referat frå førre møte i RBU 30.01.2019 blei godkjent med ei endring:</p> <p>Under presentasjonen til Herlof Nilssen vart det kommentert at det er urovekkjande at spesialisthelsetenesta har fleire forskjellige IKT-system som ikkje er integrert og at regionane nyttar ulike journalsystem.</p> <p>Det blir difor satt inn ei setning i referatet: ‘RBU stilte seg spørjande til at spesialisthelsetenesta har fleire ulike IKT-system i dei ulike RHF’.</p>	Leiar Jan Oddvar Gjerde
11/19	<p>Orientering om styresaker Bente Aae, kommunikasjonsdirektør Helse Vest RHF, gjorde greie for styresaker til 6. mars.</p> <p><i>Rapportering frå verksemda</i> er ei styresak som kvar månad rapporterer på bland anna ventetider, fristbrot og sjukemelding i Helse Vest.</p> <p>Det er satt mål om maks 60 dagars ventetid. Mot 2021 skal er målet heilt ned i 50 dagar. Det særleg utfordringar innan somatikk, med å nå målet.</p> <p>Helse Førde er det føretak i regionen med minst fristbrot. Det er satt i gong fleire tiltak for å eliminera fristbrot i helseføretaka i Helse Vest.</p>	Kommunikasjonsdirektør Bente Aae

	<p>RBU skal følgje med på fristbrot ved barneavdelinga i Helse Stavanger, som per denne månad har mange fristbrot. Tall korridorpasientar går ofte opp i januar og februar. Eit viktig tiltak for å redusera korridorpasientar er influensavaksining hos tilsette.</p> <p>I 2019 har Helse Vest eit resultatkrav på 444 mill. kr. RBU ønskjer meir informasjon om langtidsbudsjett og fordeling av drift og investeringar ved neste RBU-møte.</p> <p>Årleg melding er Helse Vest si rapportering på krav frå Oppdragsdokument, tilleggskdokument og føretaksmøte. Årleg melding for 2018 skal behandlast i styremøte 6. mars og vil bli publisert på https://helse-vest.no/om-oss/styredokument-skriv-og-meldingar</p> <p>RBU sin årleg melding og RBU sin kommentar på Helse Vest årleg melding vil bli lagt som vedlegg til saken.</p>	
12/19	<p>Deltaking i prosjekt/arbeidsgrupper</p> <p>RBU fordelte førespurnadar om deltaking i nettverk/prosjekt og fordelte også vakante verv:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Alle møter 'styringsgruppe' – Oddrun Rangnes og leiar Jan Oddvar Gjerde • HELIX – Anne Marie Auestad (Elisabet Salte kan støtte) • Fagrevisjonar knekirurgi – Joe R. Aseerwatham • Fagnettverk revmatologi – Oddrun Rangnes og Elisabet Salte <p>RBU har då brukarrepresentant i alle verv, fe. eiga liste. Sekretær melder tilbake til prosjektleiarar og ansvarlege om kven som blei oppnemnt. Brukarrepresentantane som blir oppnemnt vil verta kontakta av ansvarleg for prosjektet/nettverket/arbeidsgruppa.</p>	Leiar Jan Oddvar Gjerde
13/19	<p>Brev/invitasjon til/frå brukarutvalet</p> <ul style="list-style-type: none"> • RBU har mottatt førespurnad frå Nasjonalt kompetansesenter for helsetjenestens kommunikasjons beredskap (KoKom). RBU ønskjer å invitere dei til fellesmøte med vara-representantar 10. april. Sekretær svarar KoKom. • Samarbeidsrutine luftambulansen – transport av pasientar innan psykisk helsevern er sendt ut på høyring. RBU syntes det var eit godt arbeid som blitt gjort og hadde ikkje meir kommentarar. RBU ønskjer ikkje å sende høyringssvar. • Invitasjon til UKOM 2. mai – Leiar møter for RBU. • RBU i Helse Sør-Aust vil ta opp legemiddelmangel som sak på interregionalt RBU-møte 25. mars. RBU i Helse 	Leiar Jan Oddvar Gjerde

	<p>Vest deler uroa over at Noreg ikkje har eit godt nok lager av livsnødvendige medikament. Sosiale ulikheiter aukar av at nokon kan reise til utlandet å handle inn preparat for privat bruk. RBU i Helse Vest meinte alle RHF bør sørge for å ha beredskapslager. Ev. kan fagdirektør i Sjukehusapoteka Vest inviterast for å fortelje meir om saka.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Førespurnad frå Kreftforeningen – Sekretær tek det vidare med fagdirektør i Helse Vest. 	
14/19	<p>Internrevisjon i Helse Vest Presentasjon frå Bård Humberstet, leiar Internrevisjonen i Helse Vest.</p> <p>Korleis involvere RBU i revisjonsplanlegginga</p> <ul style="list-style-type: none"> • Prioritere prosjekt som går direkte på pasienten • Inkludere pasientdimensjonen i andre prosjekt • Hente inn data som belyser pasientperspektivet • Informasjon og spreiding av resultat av revisjonen <p>Internrevisjonen arbeider etter 2-års revisjonsplanar. Internrevisjonen skal gjennomføre helt uavhengig revisjonar som bør gje eit heilskapleg bilete. Rapportar utarbeidast fortløpande. I januar 2019 blei <i>Avansert oppgåveplanlegging og BUS 1-Helse Bergen</i> publisert. Alle rapportar kan lesast på: www.helse-vest.no/internrevisjon For tida er tre revisjonar under arbeid.</p> <p>RBU foreslo ei eigen revisjon på brukarmedverknad i Helse Vest. Det er ulikt korleis brukarmedverknad blir praktisert i føretaka. 'Kva gjør kvart enkelt helseføretak for å involvera brukarar', hadde vore eit interessant revisjonstema.</p> <p>Det blir kvart år gjennomført egne fagrevisjonar i kvart føretak, med meir klinisk nære tema. Internrevisjonen brukar noko gang fagrevisor som informantar eller kontaktpersoner.</p> <p>RBU ønskjer større merksemd på brukarmedverknad i kommande revisjonar i Helse Vest, og at revisjonane omtalar korleis brukarmedverknad er ivareteke.</p>	Bård Humberstet, Helse Vest RHF
15/19	<p>RBU si time</p> <ul style="list-style-type: none"> • Drøfting av arbeidsform Videomøter – Det er moglegheit for å teste ut RBU-møter over video frå Førde, Bergen, Haugesund og Stavanger. Fordel er å unngå lang reise. Fleire har negativ erfaring med lange møter framfor skjerm, som gjer det krevjande å følgje med. Videomøter krev god 	Leiar Jan Oddvar Gjerde

	<p>møtestruktur. RBU vil vente til hausten og ev. då teste det ut ei gong. Viktig at utvalet først blir godt kjent.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Rutine rundt konferansar – RBU får jamt over invitasjonar til konferansar (eks. Pasienttryggleikskonferansen og Kvalitetskonferansen). Nye brukarrepresentantar er prioritert å delta, viktig fora for opplæring og bygging av nettverk. Invitasjonar blir lagt til innkallinga og RBU bli einig om i møte kven som reiser på vegnar av RBU. Dei brukarrepresentantar som deltek på konferansar er forplikta til å gje ei kort oppsummering av hovudpunkta/nyheiter etterpå (munnleg i RBU-møte). • RBU si Årleg melding – Henrik og Jan Oddvar har redigert dokumentet som Grete forfatta. Godt opplæringsdokument for å bli kjent med RBU sine oppgåver. • Helse Vest si årleg melding Astrid har funnet feil i Årleg melding når det gjelder Helse Førde. Det må meldast i frå om feil så raskt som mogleg. Etter fristen for redigering av dokumentet kan leiar ta med innspel i styremøtet. • Kommentar til Årleg melding Henrik og Jan Oddvar har skrevet ei kommentar til Helse Vest årleg melding som blir lagt som vedlegg i styresaka. Ei setting om regional plan psykisk helse blir teke ut av dokumentet då det er feil; og påreknar at denne vil følgje opp relevante deler av den Regionale planen for psykisk helse som vart utarbeidd i 2018. 	
EVT	<p>Eventuelt Elisabet – Uro for situasjonen med akuttmottaket i Helse Stavanger. Stor mediasak. Først og fremst ei sak for brukarutvalet i Helse Stavanger.</p> <p>Elisabet – Det har vore eksempel på at sjukehuset har sendt pasientar til fastlegen for å få sjukemelding. Det er ikkje greitt at spesialisthelsetenesta bruker fastleger som sekretærer. RBU vil ta opp saka i neste møte.</p> <p>Astrid – ‘Veileder om pårørende i helse- og omsorgstjenesten’ frå Helsedirektoratet har ikkje blitt implementert i Helse Vest.</p> <p>Anne Marie – emballasje til medisin er vankeleg å opne for mange pasientar. Kunne dette vore ei sak for RBU. Det blei også nemnt at Sjukehusapoteka Vest ikkje har eit eget brukarutval. Ev. be direktøren som kjem i mars si noko om det.</p>	Leiar Jan Oddvar Gjerde

Neste RBU-møte er 20. mars 2019 Helse Vest RHF, Forus, Stavanger.